



# Røde Kors

## Sogn og Fjordane

Til lokalforeiningar og lokalråd,  
distriktsstyret, distriktsråda,  
leiarar i valnemnder, revisor, kontrollkomiteen

Førde, 29. januar 2021

### **INNKALLING TIL DISTRIKTSÅRSMØTET 2021 – DEN 20. MARS PÅ SKEI**

Grunna usikkerheit knytt til korona-situasjonen, har distriktsstyret bestemt at årsmøtet og valmøta i 2021 skal gjennomførast over ein dag på Thon Hotell Jølster på Skei. Det vert her sett avgrensingar for deltaking på to delegatar per lokalråd til valmøta, og fire delegatar pr lokalforeining på årsmøtet - men ikkje observatørar. Det vil gje færre deltakarar, som aukar mogelegheita for gjennomføring på ein smittevernmessig trygg måte. Det vil då også vere enklare å endre møtet til digitalt på kort varsel.

Program, dagsorden, saksdokument og lenke til påmelding til distriktsårsmøtet vert sendt ut med Agenda seinast fredag 26. februar. Papirversjonen av saksdokumenta vert ettersendt til dei som vil ha dei i hende før årsmøtet. Alle saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg i papirform for alle som deltek på eit fysisk årsmøte.

Kvart lokalråd kan delta med både leiar og nestleiar (to delegatar) i dei respektive valmøta til distriktsråda. I årsmøtet kan lokalforeiningane vere representert med inntil fire delegatar; ein frå lokalforeininga og ein frå kvart lokalråd. Lokale ledd kan som nemnt ikkje ha observatørar. Vi minner alle lokalforeiningar om å velje delegatane på sine respektive årsmøte.

Ynskjer lokalforeininga å fremje sak i distriktsårsmøtet, må framlegget vere distriktsstyret i hende helst innan 16. februar, seinast utgangen av månaden. Distriktsstyret oppmodar om at årsmøtesaker vert drøfta lokalt. Merk at frist for endringsforslag til årsmøtesakene må sendast redaksjonskomiteen seinast måndag 15. mars, i og med at varigheita på møtet er redusert. Meir info om det kjem.

Dette er ikkje ein ideell situasjon, men distriktsstyret finn denne planen som den mest gjennomførbare med den rådande usikkerheita knytt til korona. Vi vonar likevel at de involverer dykk i sakene og bidreg til eit aktivt organisasjonsdemorati, til beste for organisasjonen og dei vi er til for. Vi ser fram til - og håpar - vi får høve til å møtast fysisk denne dagen.

Vel møtt!

Med helsing  
for SOGN OG FJORDANE RØDE KORS  
Synøve Sande, distriktsleiar

Sogn og Fjordane Røde Kors

Post: Langebruvegen 28, 6800 FØRDE  
Besøk: Langebruvegen 28  
Fakturering: EHF983198422

Tlf: 57723230 Fax: 57723231  
<http://www.rodekors.no/sfj>  
E-post: [dk.sognogfjordane@redcross.no](mailto:dk.sognogfjordane@redcross.no)

Bank: 3700 20 27616  
Org.nr: NO 983 198 422

